

Møtebok

frå

Utdanningsutvalet

Møtestad: Rom 401 - Arne Rettedals hus
Tid: 08.11.2017 kl. 9:00 - 11:30

Fylgjande faste medlemmer møtte:

Turid Borgen
Øystein Lund Bø
Lene Katrine Hoff
Dag Husebø
Sara Jalali
Mads Kapstad
Ketil Knutsen
Lars Atle Kjøde
Marthe Mæland
Marit Aamodt Nielsen
Brita Strand Rangnes
Jon Tømmerås Selvik
Jørgen Sjøberg

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Bjørg Frøysland Oftedal

Frå sekretariatet møtte:

Veslemøy Hagen
Kristofer Henrichsen
Eilef J. Gard

Møtet vart leia av Dag Husebø

Saksnr.	Innhald	U.off.	Arkivnr.
UU 37/17	Innkalling		
UU 38/17	Samansetjing av utvalet		15/01302-52
UU 39/17	Møtebok 13. september 2017		15/01302-55
UU 40/17	Strategisk tema		
UU 41/17	Endringer i studieporteføljen - søknader fra fakultetene		15/01629-8
UU 42/17	Justering i regelverk for akkreditering og etablering av studier		15/07627-25
UU 43/17	Endring av Regler for opptak av elever i videregående skole til enkeltemner ved Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet ved UiS		17/06688-2
UU 44/17	Sensur våren 2017		17/06579-4
UU 45/17	Studiebarometeret 2016, oppfølging og tiltak		17/04028-15
UU 46/17	Fastsetjing av undervisningsterminar for studieåret 2018 - 2019		15/05234-3
UU 47/17	Pilotprosjekt ved IMS: Integrering og interkulturell kompetanse		17/06681-1
UU 48/17	Plan for utvalet sitt arbeid 2018		15/06435-3
UU 49/17	Gjennomgang av varslingsystemene ved UiS		17/05342-3
UU 50/17	Andre orienteringssaker		15/02099-12
UU 51/17	Eventuelt		

UU 37/17 Innkalling

Vedtak:

Innkallinga vart godkjend.

UU 38/17 Samansetjing av utvalet

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek oppnemninga av nye utvalsmedlemer til etterretning.

UU 39/17 Møtebok 13. september 2017

Spørsmål frå utvalet: Når trer eksamensforskrifta i kraft?

Vedtak:

Møtebok frå 13. september 2017 er godkjend.

UU 40/17 Strategisk tema

Sara Nustad Mauland og Tor Erga frå UA-ESS presenterte moglegheit for elektronisk grunngjeving og klage på eksamen via Studentweb.

Funksjonen finst og kan takast i bruk dersom institusjonen vil det. Grunnar for å ta den i bruk er mellom anna:

- Det er ynskt av studentane
- Det er ein einskapleg måte å handsama klager på
- Det vil gje lik handsaming med omsyn til fristar
- Det støttar opp om digitaliseringsstrategien for universitets- og høgskulesektoren

Dei presenterte også Fagpersonweb, som er ei nettbasert teneste som let fagpersonar utføra ein del nødvendige studieadministrative rutiner og oppgåver. Det skal kunna tena som støtteverktøy i undervisningspraksisen. Det er frivillig å bruka det, og nokre faglærarar har teke det i bruk allereide.

I diskusjonen vart det trekt fram at dette kan vera ei klar effektivisering av administrering av klageordninga. Samtidig må det diskuterast om korleis grunngjeving skal brukast, om det t.d. skal opnast for automatisk grunngjeving av karakter, og kva konsekvensar det kan føra til for ressursbruk.

Det vart også peika på at der er mange ulike dataverktøy og -system som alt er i bruk, og uttrykt ei uro for at fleire system kan føra til problem med å halda oversyn over mange ulike digitale prosessar.

Dag Husebø føreslo at utdanningsdirektøren inviterar fakulteta til ein diskusjon om desse verktøya og korleis dei kan brukast.

Studiedatavarehuset ved hjelp av Tableau som verktøy vart også presentert.

Dag Husebø la til at ei prosjektgruppe arbeidar med korleis dette verktøyet kan takast i bruk. Ein har ikkje gått inn for ei stor utrulling nå, men tek små steg. Målet er å ha ein minimumsvariant klar hausten 2018. Deretter må det diskuterast og vurderast korleis ein skal gå vidare med datavarehuset.

Vedtak:

Utdanningsutvalet takkar for orienteringa.

UU 41/17 Endringer i studieporteføljen - søknader fra fakultetene

Utdanningsdirektøren innleia og orienterte om saka. I saka er det sett fram nokre prinsipp for kva som skal handsamast av dekan og kva som skal til utdanningsutvalet og styret. Det gjorde at dette vart til ei enklare sak. Erfaringsbasert master for lærerspesialistar har utfordra retningslinene for internasjonalisering men er vurdert som akseptabelt.

Toril Frafjord Hoem, Ingrid Nielsen og Åse Kari Hansen Wager frå Lesesenteret var inviterte til saka.

Frå diskusjonen i saka:

Øystein Lund Bø kommenterte namneendringane på studier ved Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet: Dette er ei opprydding i struktur og namn med omsyn til profilering og rektuttering. Me er ikkje ferdige, det vil koma nye søknader neste år.

Det vart etterlyst engelske namn på nokre av namneendringane. Utdanningsdirektøren svara at dette vil verta lagt til i styresaka.

Til søknaden om akkreditering av master for lærerspesialistar la Lesesenteret til at når grunnskulelærarutdanninga nå gir ein mastergrad, fylgjer det at lærerspesialistar som skal driva utviklingsprosjekt også må ha mastergrad.

Marit Aamodt Nielsen rådde til at setninga «Den erfaringsbaserte mastergraden kvalifiserer ikke til et Ph.d-løp» vert erstatta med «Den erfaringsbaserte mastergraden kvalifiserer ikke alene til et Ph.d-løp». Tilrådinga vart støtta av utvalet og utdanningsdirektøren.

Det er ikkje klart ennå om dei som vart tekne opp til bachelor i regnskap og revisjon i 2017 vil få godkjenning som revisor etter fullført bachelorstudium. Kunnskapsdepartementet har føreslege at det nye kravet til mastergrad skal gjelda frå 1. januar 2019. Det vil bety at dei som vart tekne opp på bachelorstudiet i 2017 ikkje vil få slik godkjenning. Dette er ikkje avklara ennå.

Utvalleiaren ba fakultetet koma tilbake med ei nærere utgreiing om sak om nedleggjing av bachelor i regnskap og revisjon til neste møte.

Vedtak:

- a) Utdanningsutvalget gir sin tilslutning til de foreslåtte navneendringene på studieprogram ved Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet og anbefaler styret å fastsette nye navn slik det framgår av saken.
- b) Utdanningsutvalget akkrediterer erfaringsbasert master i lese- og skriveopplæring for lærerspesialister. Det engelske navnet er Experience-based Master in the Teaching of Reading and Writing for Teacher Leaders. Fullført studium gir graden Master i lese- og skriveopplæring for lærerspesialister. Utdanningsutvalget anbefaler styret å etablere studietilbudet med virkning fra 2018.
- c) Utdanningsutvalget støtter søknadene fra Handelshøgskolen UiS og anbefaler styret å legge ned bachelor i regnskap og revisjon med virkning fra høsten 2018.

UU 42/17 Justering i regelverk for akkreditering og etablering av studier

Utdanningsdirektøren innleia og orienterte om saka. I år var fristen for søknad om akkreditering og etablering 1. oktober. Fristen er viktig også for opptaksrammesak, informasjon om studia og internasjonal utlysing. Det er difor trong for tidlegare frist enn den som gjaldt i år.

Utvalet diskuterte framlegget til frist 1. august ut frå både fakulteta og utdanningsavdelinga og SKA sine perspektiv. Det vart uttrykt ynskje om at der må vera ein tydeleg frist og at denne må kommuniserast klart.

Utdanningsdirektøren justerte sitt opphavlege framlegg med frist 1. august til 7. august. Dette vart støtta av utvalet.

Vedtak:

Utdanningsutvalet sluttar seg til framlegg om endring i tidsfristar for endringar i studieporteføljen med den endringa som vart lagt fram i møtet.

UU 43/17 Endring av Regler for opptak av elever i videregående skole til enkeltemner ved Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet ved UiS

Utdanningsdirektøren innleia og orienterte om saka.

Etter ei oppklaring om kva krav som skal gjelda for søkjarar frå ungdomsskule, vart det utsende forslaget justert. Utdanningsdirektøren tek justeringa inn i det vedtekne reglementet.

Vedtak:

Utdanningsutvalget sluttar seg til utdanningsdirektøren sitt forslag om endringar i reglane.

UU 44/17 Sensur våren 2017

Utvalsleiaren orienterte om sak om sensur våren 2017, som hadde vore handsama i læringsmiljøutvalet dagen før. Då tala vart presenterte hadde ein ikkje nok informasjon om kva som hadde vorte gjort til å kunna leggja fram relle tal for læringsmiljøutvalet.

Utdanningsdirektøren la til at ho fekk tilbakemelding frå fakulteta som tilsa at tala ikkje stemde. Ho vedgjekk at saka til læringsmiljøutvalet var dårleg, men at ho nå får høve til å leggja fram ny sak for neste møte i læringsmiljøutvalet. I den saka må også dei gode tiltaka på fakulteta fangast opp.

StOr-leiaren kommenterte saka og sa at i møtet i læringsmiljøutvalet hadde studentrepresentantane venta ei tydelegare sak. Det skulle vore lagt fram forslag til tiltak, men det vart ikkje gjort. Difor ynskte dei ei utgreiing av botsystemet.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

UU 45/17 Studiebarometeret 2016, oppfølging og tiltak

Utdanningsdirektøren innleia og orienterte om saka.

Pr dato er det 44 % deltaking. Det er viktig at studentane opplever at resultatane frå Studiebarometeret vert brukt.

StOr-leiaren kommenterte at der er gode tiltak i rapporten. Det er viktig at fakulteta informerar sine studentar om korleis undersøkjinga vert fylgs opp. StOr ynskjer å vera til disposisjon i vidare arbeid med oppfylgjinga.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

UU 46/17 Fastsetjing av undervisingsterminar for studieåret 2018 - 2019

Utdanningsdirektøren innleia og orienterte om saka. Rektor har fastsett semesterstart til måndag 13. august.

Frå samtalen i saka:

- I møtet i læringsmiljøutvalet i går vart det sagt ein del om å ta imot utanlandske tudentar på same tid som norske. Undervisingsterminane gjer det mogeleg.
- Kommuniser tydeleg at semesterstart er 13. august.
- Når informasjon om undervisingsterminar vert sendt ut er det viktig formidla at fadderveka startar 13. august.

Vedtak:

Utdanningsutvalet fastset fylgjande undervisingsterminar for studieåret 2017 - 2018:

2018 haustsemesteret: måndag 6. august - fredag 21. desember.

2019 vårsemesteret: onsdag 2. januar - fredag 21. juni.

All undervising og eksamen/prøve (jf. eksamensforskrifta) skal haldast innføre dette tidsrommet. Ulike typar prøvar eller forkurs og liknande, som er naudsynte for å begynna på undervisinga, kan gjennomførast før semesterstart. Slike tiltak skal vera omtalte i fag- og studieplanar og dessutan vera tydeleg annonserte.

Heilagdagane som kan falla i perioden mars - juni inneber årlege justeringar av undervisingsopplegget. Eksamenar, prøvar, oppgåver med meir, som er avlagde eller innleverde i perioden mellom 1. august og 31. desember og mellom 1. januar og 31. juli kjem fram på karakterutskrift/vitnemål som avlagde eller innleverde høvesvis i haustterminen eller vårterminen.

UU 47/17 Pilotprosjekt ved IMS: Integrering og interkulturell kompetanse

Utdanningsdirektøren orienterte om saka. Prosjektet knytta til master i energi, miljø og samfunn ved IMS skal gå over to år. Men utdanningsdirektøren vil alt til neste føreslå at alle nye studentane ved UiS skal starta samtidig.

Frå samtalen i saka:

- Me kan bruka pilotar til å utforska og til å informera andre. Dei som har vore med i dette prosjektet kan formidla erfaringar til andre einingar som vil gjera noko liknande.
- Det er godt å få delt erfaringar pilotprosjektet, og viktig å formidla det som ikkje er knytta til bruk av ekstra resursser. Støtteapparatet er viktig. Ein kan ikkje venta dei same resultatane dersom det ikkje har dei same ressursane.
- Det er bra og viktig at global mindset og integrering er sett på dagsorden. Internasjonalisering handlar også om kva me gjer i studia her på campus.

Vedtak:

Utdanningsutvalget tar saken om orientering om pilotprosjektet til orientering.

UU 48/17 Plan for utvalet sitt arbeid 2018

Utdanningsdirektøren innleia i saka.

Vedtak:

Utdanningsdirektøren tek innspel frå utvalet med i utarbeiding av endeleg framlegg til plan for utvalet sitt arbeid i 2018. Planen vil verta lagt fram for utvalet sitt møte 15. februar.

UU 49/17 Gjennomgang av varslingsystema ved UiS

Utdanningsdirektøren innleia og orienterte om saka. Rektor har sett ned ei gruppe for å gå gjennom og laga forslag til nytt varslingsystem. Det nye systemet vert lagt ut på nett i dag. Meldingar går til juristane i utdanningsavdelinga. Saka vil verta fylgd opp. Det skal m.a. utarbeidast ein veileidar og etiske

retningslinjer. Det vert ny orientering i møtet i februar. Utdanningsdirektøren ga stor honnør til gruppa som på kort tid har laga nytt varslingsystem.

I samtalen vart det m.a. spurt etter retningslinjer for sosiale medier, og kva arbeidsgruppa vil gjera med dei.

Frå arbeidsgruppa vart det svara at det står i gjeldande retningslinjer korleis dei kan brukast på ein positiv måte, men ikkje korleis dei ikkje skal brukast.

Det vart også etterlyst at policydokumentet kan innehalda retningslinjer for konfliktløysing.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

UU 50/17 Andre orienteringssaker

Utdanningsdirektøren la desse sakene fram for utvalet til orientering:

StOr orienterte om studentvalet i oktober.

- a) NOKUTs tilsyn med studietilbud innen bachelor ingeniørfag - bygg.
- b) Utlysing av stillingar til Uniped.
- c) UHRs karaktersamling 2017.
- d) Studentombodet.
- e) Praksis i sosiologi og statsvitskap.
- f) Rapport om studiestart.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek sakene til orientering.

UU 51/17 Eventuelt

Der var ingen saker til eventuelt.